



Arkivnr: 2018/13166-37  
Saksbehandlar: Elizabeth Warren, David Sandved

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

**Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2019****Samandrag**

Ordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikre kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Tilskotsordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi. Ordninga er forankra i handlingsprogram for Regional kulturplan for Hordaland 2015- 2025.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2019	2 000 000 kroner
Søknadsfrist 2019	1. januar 2019
Vedtaks kriteria	KIRU: <a href="#">PS 22/2017</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

<b>Søknader 2019:</b>	
Tal på søknadar:	19 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	18 søknadar
Samla søknadssum:	5 450 557 kroner
Tilrådd til fordeling:	2 000 000 kroner

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:**

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland var ei ny ordning i 2018. Den avløyste den gamle tilskotsordninga til vern og vøling av kulturminne. I høve nasjonale forventningar til kommunal planlegging har kommunane hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne. For å stø opp om dette arbeidet tek den regionale tilskotsordninga sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne som er prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Fylkeskommunen har ynskja å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi. Kommunar som har vedtatt kulturminneplan og etablert tilskotsordningar for kulturminnetiltak er prioriterte, saman med kulturminne av regional verdi.

Tilskotsordninga har no blitt betre kjent og fleire kommunar jobbar nå aktivt med å få inn gode søknader. I 2019 har 19 kommunar sendt inn søknader, mens i 2018 var det 16 kommunar. Total søknadssum til ordninga har nesten dobla seg frå i overkant av 3 millionar kroner i 2018 til ca. 5,5. millionar i 2019. Samla totalkostnad på istandsettingsprosjekta er på kr. 11 546 116. Då fleire kommunar ikkje har søkt om tilskot, kan vi vente ei vekst i samla søknadssum i framtida. Den meir planmessige innretninga på ordninga har ført

til høgare kvalitet på kulturminna som søker tilskot. Fylkesrådmannen si vurdering er at omlegginga av tilskotsordninga har vore særskilt vellukka. For framtida vil vi difor vurdere ei ytterlegare styrking av ordninga, slik at forholdet mellom kva det vert søkt om og kva som vert tildelt vert betra.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett.

**Klima:** Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordningar er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025  
PREMISS: KULTUR

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 2.000.000,- over budsjettpost 400.650.01 slik:

	<b>kommune</b>	<b>Tilråding</b>
1	Askøy	100 000
2	Austrheim	15 000
3	Bergen	161 000
4	Etna	0
5	Fitjar	200 000
6	Fjell	85 000
7	Fusa	29 000
8	Jondal	75 000
9	Kvam	160 000
10	Meland	50 000
11	Modalen	50 000
12	Radøy	195 000
13	Stord	72 000
14	Sund	12 000
15	Sveio	300 000
16	Tysnes	6 000
17	Ulvik	30 000
18	Vaksdal	300 000
19	Voss	160 000
<b>SUM</b>		<b>2 000 000</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Retningslinjer
- 2 Omtale av søknadene